

Landsmøte 2022
Hamar, 22.–24. april

SAK 7 – NATURVERNFORBUNDET SITT PRINSIPPROGRAM



Inneheld:

- Forslag til endringar av prinsipprogrammet
- Naturvernforbundet sitt prinsipprogram

LANDSMØTE 2022

Innkomne endringsforslag til prinsippsprogrammetForslag til ny tekst er understrekaForslag til fjerna tekst er ~~strekka over~~

Tekst som er uendra, står utan formatering

Grunngjeving er frå forslagsstillerar

Kommentar er frå generalsekretær

Endringsforslag P1 a	
Linjenummer: Nytt kapittel 1.1 erstattar linjene 36-46	Forslagsstiller: Naturvernforbundet i Troms Naturvernforbundet i Nordland Naturvernforbundet i Rana
<p>Endringsforslag:</p> <p>Menneskeleg forbruk av energi og naturressursar kan ikkje vere høgare enn at det let seg kombinere med å halde oppe naturmangfaldet og naturen si produksjonsevne. Tekniske omleggingar er ikkje nok for å oppnå dette. For at alle menneske skal ha høve til å leve gode liv innanfor rammene av jorda sitt ressursgrunnlag, må dei økonomisk rikaste redusere det materielle forbruket sitt, og samfunnet kan ikkje vere avhengig av evig materiell vekst. Å løye globalt omfattande og alvorlege miljøproblem krev omstillingar som må drivast fram med både lokal og nasjonal innsats. I ei globalisert verd krevst også globalt samarbeid og internasjonale avtalar. Noreg har som eit rikt og velutvikla land både grunnlag og ansvar for å vere eit føregangsland i miljøvernarbeidet. Noreg må følge opp sine internasjonale pliktar og ta ei rolle som førebilete for å bidra til framgang i det internasjonale miljøarbeidet.</p> <p><u>1.1 Naturvernforbundet seier nei til fortsatt økonomisk vekst</u></p> <p>Menneskeleg forbruk av energi og naturressursar kan ikkje vere høgare enn at det let seg kombinere med å halde oppe naturmangfaldet og naturen si produksjonsevne. Tekniske omleggingar er ikkje nok for å oppnå dette. Jordas biosfære – atmosfæren, havet og landjorda er allereie overutnytta. Det er den økonomiske veksten som har ført oss inn i dagens natur- og klimakrise. Økonomisk vekst samtidig med redusert energi- og materialforbruk, også kalt «grønn» økonomisk vekst, har ikke vist seg mogleg i praksis og er heller ikkje forenleg med fysiske lover. Fortsatt økonomisk vekst vil difor ytterlegare degradere naturen og klimaet.</p> <p><u>Den einaste farbare vegen om vi skal nå miljømåla våre og sikre livskvalitet og overleving for menneske, dyr og planter på jorda, er å stoppe den økonomiske veksten, setja nulltoleranse for meir naturtap, fase ut fossile energikjelder og gjennomføre nullvekst, på sikt gradvis nedvekst.</u></p> <p><u>Det rikaste mindretalet, spesielt i i-land, men også i u-land, står for brorparten av klimagassutsleppa og har hovudansvaret for verdas natur- og klimakrise og dermed for å ta ned energi- og ressursbruken.</u></p> <p><u>Sentralt i ein økologisk likevektsøkonomi vil bli redusert materielt forbruk først og fremst i den rikaste delen av befolkninga, gjenbruk og reparasjonar, kollektive løysingar, rettferdig fordeling av arbeid og omfordeling av inntekt og ressursar frå dei med størst økologisk fotavtrykk innad i land</u></p>	

og mellom land. Landa i sør må få høve til å kome seg ut av fattigdomen. Tradisjonell hausting av naturen, som til dømes kystfiske, småbruk og reindrift, er eksempel på bærekraftig likevektsøkonomi som kan vekse, men innanfor ressursgrensene. Naturvernforbundet vil arbeide for å få desse livsviktige spørsmåla opp på den politiske dagsordenen.

Begrunnelse:

Det foreligger stadig mer dokumentasjon og forskning på at det ikke er mulig å frikoble økonomisk vekst fra økt energi- og materialforbruk, degradering av naturmangfold og økt utslipp av klimagasser.

FNs Naturpanel IPBES har som kjent allerede tatt standpunkt imot økonomisk vekst. I punkt D10 i rapporten fra 2019 står det, sitat: "A key component of sustainable pathways is the evolution of global financial and economic systems to build a global sustainable economy, *steering away from the current, limited paradigm of economic growth* (vår utehvelving)."

13. mai i 2020 ble det offentliggjort et opprop for motvekst signert av 1100 eksperter og 70 organisasjoner fra 60 land. Oppropet avsluttet med, sitat: «Det verden trenger er degrowth – motvekst – en planlagt, men fleksibel, bærekraftig og rettferdig nedskalering av økonomien, som gir oss en framtid der vi kan leve bedre med mindre.»

Vår konklusjon er at Naturvernforbundet med et prinsipprogrampunkt imot videre økonomisk vekst vil slutte oss til en økende internasjonal og nasjonal bevegelse for en høyst påkrevet diskusjon og politikk for nedvekst. Hele begrunnelsen her.

Kommentar:

Prinsipper om redusert forbruk og overutnyttelse av ressurser er omtalt under punktet om forbruk, avfall og handel. Det har ikke vært noen større diskusjoner eller uttalelser om begrepene likevektsøkonomi, økologisk vekstøkonomi o.l. i landsstyret. Prinsippprogrammet ble totalrevidert i 2018, og innholdet i tekstmønstret er i stor grad dekket inn i forskjellige deler av dagens prinsippprogram. Forslaget er ganske langt og har en argumenterende tekst som normalt ikke passer i prinsippprogrammet, og begrepene som foreslås, kan oppfattes som litt fremmedgjørende.

Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør ikkje bli vedteke, til fordel for forslag P1 b

Stemmegiving i landsstyret: For: 13 Mot: 9

Vedtak på landsmøtet:

Endringsforslag P2	
Linjenummer: Etter linje 64	Forslagsstiller: Generalsekretær
Endringsforslag:	
<u>Miljøkampen skal vere ein trygg stad der alle blir behandla med respekt. Trakasserande haldningar og atferd høyrer ikkje heime her. Ungdomen og deira engasjement skal me særleg hegne om. Me aksepterer ikkje ytterleggåande og ekstreme krefter som ein del av miljørørsla. Kontakt og samarbeid med parti og grupperingar som fremmar rasistiske og høyreekstreme haldningar, bryt med verdiane våre.</u>	
Begrunnelse: De siste årene har vi ved flere anledninger opplevd at høyreekstreme partier forsøker å finne legitimitet i miljøbevegelsen. Det gjør våre medlemmer utrygge, og Naturvernforbundet bør tydeliggjøre sin holdning i prinsipprogrammet. Landsstyret vedtok en uttalelse som tok avstand fra ytterliggående krefter i september 2021, og ordlyden i forslaget er hentet fra denne uttalelsen. Kan eventuelt sees i sammenheng med forslaget om endringer i vedtekten.	
Kommentar:	
Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør bli vedteke Stemmegiving i landsstyret: For: 18 Mot: 2	
Vedtak på landsmøtet:	

Endringsforslag P3	
Linjenummer: 132–135	Forslagsstillar: Naturvernforbundet i Ávjavári
Endringsforslag:	
<p>Internasjonale avtalar må fremme rettferdig fordeling av verdas ressursar og styrke tilgangen til demokratisk påverknad. <u>Før å oppnå dette må FN styrkast. Omsyn til miljø og rettferdig fordeling av ressursar må telje meir enn mål om økonomisk vekst og auka frihandel.</u> <u>Måla om økonomisk vekst og auka frihandel må erstattast av omsyn til miljø og rettferdig fordeling av ressursar.</u></p>	
Grunngjeving:	
<p>Vil styrking av FN nødvendigvis føre til ei meir rettferdig fordeling? (Viser til samarbeidet mellom FN og WEF som har motsett mål. «telje meir enn» virkar som samanlikning mellom to gode mål, men økonomisk vekst og frihandel kan vere meir negativt enn positivt.</p>	
Kommentar:	
<p>Internasjonalt samarbeid er nøkkelen til å løyse dei fleste miljøutfordringane. Biomangfold-konvensjonen, naturpanelet, havrettstrakaten, klimakonvensjonen og klimapanelet er dømer på viktige miljørelaterte prosessar som FN leiar. Dette og mykje anna er arbeid som bør styrkast. Om Naturvernforbundet stryk punktet om at FN må styrkast, vil det kunne gi gale signal.</p> <p>Til den siste setninga: Store deler av verda har eit lågt materielt forbruk, og det er vanskeleg for oss i Noreg å seie at den delen av verda ikkje skal ha økonomisk vekst. Endringsforslaget seier ikkje eksplisitt at det ikkje skal vere økonomisk vekst i nokre delar av verda, men det kan tolkast slik. Dagens tekst seier at miljø og rettferdig fordeling av ressursar er viktigare enn økonomisk vekst og auka frihandel.</p>	
Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør ikkje bli vedteke	
Stemmegiving i landsstyret: For: 16 Mot: 3	
Vedtak på landsmøtet:	
Endringsforslag P4 a	
Linjenummer: 193–195	Forslagsstillar: Naturvernforbundet i Ávjavári
Endringsforslag:	
<p><u>Naturøydeleggjande vindindustri må stansast. Utbygging må avgrensast til mindre anlegg, i industrialiserte område.</u> Der slike anlegg er bygd, må det bli stilt krav til sikring mot forureining og til garantiar for at område blir rydda etter at konsesjonstida går ut.</p> <p>All utbygging av vindindustri i Noreg må stansast, både på land og hav. Anlegg som er reist i strid med reindriftsrettar må snarast leggast ned og fjernast. Andre anlegg må ikkje få fornva konsesjon når konsesjonstida går ut. Der slike anlegg er bygd, må utbyggjar gjerast ansvarleg for alle skadar frå inngrep og forureining, samt for opprydding, terrenghforming og revegeterering ved nedlegging eller når konsesjonstida går ut.</p>	

Grunngjeving:

Dette gir inntrykk av at det finst vindindustri som ikkje er naturøydeleggjande og som derfor kan godkjennast. All vindindustri er naturøydeleggjande, anten fordi han øydelegg inngrep i natur eller fordi han drep fugl, flaggermus og insekt, forstyrrar fisk og sjødyr osv. Dei er og naturøydeleggjande med forbruket av mineral for bygginga, bare at da skjer øydelegginga i andre land. «Mindre anlegg i industrialiserte område» kan misbrukast til å bygge i område der det allereie har vore naturinngrep, som for eksempel vasskraft og nedlagte gruver. Virkelig små anlegg i heilt industrialiserte område er lite aktuelt, da dette ikkje vil gi noko kraft av betydning. Denne formuleringa virkar bare som ein tynn tråd som konsesjon til dei som ønsker vindkraftutbygging. Det må vere med at ingen konsesjonar må fornyast når konsesjonstida går ut, og at områda da skal ikkje bare ryddast, men også førast tilbake til naturen gjennom gjenskaping av opprinnelig terren og revegetering. «Stilt krav til sikring mot forurensing» gir inntrykk av at ein kan unngå forureining frå igangverande kraftverk. Desse vil gi forureining uansett.

Programmet seier ingenting om vindkraft til havs. Dette er skadelig for fugl, havpattedyr, fisk og fiske, og vil gi enormt forbruk av mange mineral.

Kommentar:

Naturvernforbundet sin politikk på vindkraft er diskutert ei rekke gongar og fleire uttalelser er vedteke i landsstyret dei siste åra. Prinsipp-programmet blei som følgje av dette endra på landsmøtet i 2021. Punktet som no står er eit godt kompromiss som organisasjonen har landa på etter grundige diskusjonar. Naturvernforbundet har aldri vært prinsipielt imot verken vasskraft, gruvedrift, hyttebygging eller skogsdrift, men kjemper i mot planar som inneber naturøydeleggingar og naturinngrep.

Forslagstiller påpeker at programmet ikke stiller krav til havvind. Dette er foreslått i forslag P 4 b.

Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør ikkje bli vedteke, til fordel for forslag P4 b

Stemmegiving i landsstyret: For: 17 Mot: 5

Vedtak på landsmøtet:

Endringsforslag P4 b

Linjenummer: 193–195	Forslagsstiller: Generalsekretær
-------------------------	--

Endringsforslag:

Naturøydeleggjande vindindustri må stansast. Utbygging må avgrensast til mindre anlegg, i industrialiserte område. Der slike anlegg er bygd, må det bli stilt krav til sikring mot forureining og til garantiar for at område blir rydda etter at konsesjonstida går ut. Havvind kan gi aukande press på havet, som allereie er påverka frå næringar og klimaendringar. Naturvernforbundet krev særleg varsemd og meiner at ei sterk føre-var-haldning må rå.

Kommentar:

Landsstyret har diskutert havvind og vedtatt en uttalelse. Prinsippsprogrammet sier ingenting spesifikt om vindkraft til havs. En presisering i tråd med landsstyrets uttalelse bør inn i prinsippsprogrammet.

Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør bli vedteke

Stemmegiving i landsstyret: For: 21 Mot: 2

Vedtak på landsmøtet:

Endringsforslag P5	
Linjenummer: 197–199	Forslagsstillar: Naturvernforbundet i Ávjovárri
Endringsforslag:	
<p>Motorisert ferdsle i utmark og vassdrag må haldast på eit minimum, og unyttig køyring må ikkje tillatast. Langs kysten må ein sikre omsynet til sårbar natur og moglegheita for gode naturopplevingar for folk flest.</p> <p><u>Motorisert ferdsle i utmark, vassdrag og langs kysten må regulerast strengt, av omsyn til natur og umotorisert naturbruk. Nødvendig bruk av motorkøyretøy i reindrift og anna næring må likevel tillatast.</u></p>	
Grunngjeving:	
<p>Her blir det sett eit absolutt skilje mellom utmark og vassdrag på eine sida og sjøen på andre sida. Mens det for utmark og vassdrag er svært strenge og absolute krav for heile landet, ser det ut å vere fritt fram for fritidskøyring med motorbåtar på sjøen, berre ein tar litt omsyn til natur og folk. Det er uklart kva som ligg i «unyttig køyring». Situasjonen er ikkje lik over heile landet, men her er ikkje noko skilje mellom Oslomarka og Finnmarksvidda, eit lite skogsvatn og Mjøsa eller Oslofjorden og Finnmarkskysten.</p>	
Kommentar:	
<p>I sjø gjeld havne- og farvannslova, og på land gjelder motorferdselloven. Difor er det naturleg å skilje mellom utmark og vassdrag versus sjø. Dagens motorferdsellov er korkje streng eller absolutt. Ho skil mellom større vatn / elvestrekningar og mindre vatn. Kommunar kan gje dispensasjon frå lova. Naturvernforbundet har lenge ønska eit forbod mot fritidskøyring knytta til motorferdsellova samt streng regulering i sjø (som blir ivareteke av andre forslag).</p> <p>Naturvernforbundet meiner at nødvendig nyttekøyring skal tillatast, men det er å slå inn åpne dører og ei kamp NNV ikkje trenger å ta i prinsippsprogrammet, då allereie blir ivareteke særskilt godt i dagens lovverk. Setning nummer to er overflødig og ikkje Naturvernforbundets kamp.</p>	
Landsstyrets innstilling: Forslaget bør ikkje bli vedteke	
Stemmegiving i landsstyret: For: 3	Mot: 16
Landsmøtets vedtak:	

Endringsforslag P6 a	
Linjenummer: 205–206	Forslagsstillar: Amin Alexander Røine
Endringsforslag: Myndighetene må sikre førebyggjande innsats for å redusere tap av beitedyr og for å redusere påkjenninga for råka næringar og lokalsamfunn.	
Begrunnelse: Ordlyden er vag og legger føringer for at rovdyr blir tapende part.	
Kommentar: Dagens formulering legger vekt på forebyggende tiltak og at de som rammes skal få en kompensasjon. I Naturvernforbundet er det mange tillitsvalgte også i sentral- og landsstyret som er opptatt av at organisasjonen skal vise forståelse og støtte opp om det todelte målet om at både rovdyr og beitenæring skal hensyntas i rovdyrforvaltningen. Og samtidig er det de forebyggende tiltaka som er viktigst.	
Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør ikkje bli vedteke Stemmegiving i landsstyret: For: 22 Mot: 0	
Vedtak på landsmøtet:	

Endringsforslag P6 b	
Linjenummer: 205–206	Forslagsstillar: Naturvernforbundet i Ávjovári
Endringsforslag: Myndighetene må sikre førebyggande innsats for å redusere tap av beitedyr og for å redusere påkjenninga for råka næringar og lokalsamfunn. Gi full kompensasjon til råka næringar og lokalsamfunn for tap av beitedyr til rovdyr og for ekstra kostnad til gjeting.	
Grunngjeving: Dette er ikkje nok. Det må sikrast full kompensasjon til beitenæringene for tap og auka utgifter pga. rovdyr	
Kommentar: Dagens formulering legg vekt på forebyggande tiltak og at dei som blir ramma, skal få ein kompensasjon. «Full kompensasjon» er vanskelig å definere og ikkje et detaljnivå som høver seg i prinsippsamlinga.	
Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør ikkje bli vedteke Stemmegiving i landsstyret: For: 22 Mot: 0	
Vedtak på landsmøtet:	

Endringsforslag P7	
Linjenummer: 226–228	Forslagsstillar: Generalsekretær
Endringsforslag:	
Ei rettferdig omstilling inneber at ein må ta omsyn til og sikre rettane også til dei menneska og folkegruppene som er særleg sårbare eller utsette ved større samfunnssendringar. <u>Ei rettferdig omstilling vil kreve høge karbonavgiftar med ein synleg og sosialt rettferdig fordeling for å gje heilt nødvendig folkeleg støtte til klimapolitikk.</u>	
Begrunnelse:	
Kommentar: Økt CO2 avgift og rettferdig fordeling er viktige prinsipper som organisasjonen har sluttet seg til og derfor bør inkluderes i prinsippprogrammet.	
Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør bli vedteke Stemmegiving i landsstyret: For: 23 Mot: 0	
Vedtak på landsmøtet:	

Endringsforslag P8 a	
Linjenummer: 223–224	Forslagsstilar: Naturvernforbundet i Ávjobárrí
Endringsforslag:	
Alle land må omstilla til samfunn som praktisk talt er utan bruk av fossil energi, og som bygger opp att karbonlagera i naturen.	
<u>Bruk av fossil energi må reduserast kraftig over heile verda. Raseringa av naturlege karbonlager som skog og myr må stansast, og det som er øydelagt må byggast opp så langt som råd.</u>	
Grunngjeving:	
Er det realistisk å avskaffe all fossil energi? Kva skal denne erstattast med? Er erstatningane betre? Bør ein i staden stille krav om reduksjon av CO ₂ -utsleppa frå fossil energi? Kva meinast med å bygge opp karbonlager i naturen? Det kan delvis gjøra med skog, myr og dyrkingsjord, men dei store lagra av kol, olje og gass kan ikkje byggast opp igjen.	
Kommentar:	
Eksisterande setning 223–224 kan med fordel bli delt i to. I første del er det kanskje ikkje så stor forskjell på „reduserast kraftig“ og „praktisk talt uten bruk av“. Grunngjevinga antydar ein skilnad med mer vekt på redusert utslepp og kan såleis bli lest som større vektlegging av karbonfangst og -lagring utover det vi har i linje 447: „Fangst og lagring av CO ₂ frå punktutslepp må takast i bruk for å redusere klimaforeureining frå industrien.“ LAS vedtok i november 2021 ei fråsegn mot satsing på blått hydrogen (produksjon av hydrogen frå gass med karbonfangst og lagring). Andre del i forslaget fra Ávjobárrí er med i forslag P8 b.	
Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør ikkje bli vedteke, til fordel for forslag P8 b	
Stemmegiving i landsstyret: For: 22 Mot: 1	
Vedtak på landsmøtet:	

Endringsforslag P8 b	
Linjenummer: 223–224	Forslagsstillar: Generalsekretær
Endringsforslag:	
223 Alle land må omstilla til samfunn som praktisk talt er utan bruk av fossil energi. <u>224 bygger opp att karbonlagera i naturen Raseringa av naturlege karbonlager som skog og myr må stansast, og det som er øydelagt, må byggast opp att så langt som råd.</u>	
Begrunnelse:	
Kommentar: Se begrunnelse i forslag P8 a.	
Landsstyrets innstilling: Forslaget bør bli vedteke Stemmegiving i landsstyret: For: 23 Mot: 0	
Vedtak på landsmøtet:	

Endringsforslag P9 a	
Linjenummer: Nye punkt før linje 236	Forslagsstillar: Hallvard Birkeland Tone Salomonsen
Endringsforslag:	
<ol style="list-style-type: none"><u>CO2-avgifta må auke forutsigbart, jamt og trutt til ein ikkje lenger har utslepp frå fossil energi. Auken i avgifta må delast ut att til folket på ein sosialt rettferdig måte, slik at dei som har lågt karbonavtrykk går i pluss, medan dei som brukar mykje berre får kompensert ein mindre del av forbruket sitt.</u><u>I tilfelle då marknadsprisen på fossile brennstoff gjer store hopp, bør desse kompenserast til folket på same måten som avgifta.</u><u>For å unngå at industri flyttar til land utan karbonrising, er det naudsynt å innføre kARBontoll på importvarer frå land utan tilsvarande karbonpris.</u><u>Gjennom COP-forhandlingane må det innførast eit jamt stigande minimumsnivå på karbonrising i alle land.</u><u>Gjennom COP-forhandlingane må det også krevjast inn ei jamt stigande karbonavgift på all internasjonal fly- og skipstrafikk, der inntektene går til FN sitt fond for klimaomstilling i det globale sør.</u><u>Såkalla offsets legg opp til at rike land kan halde fram med utslepp ved å kjøpe seg fri gjennom høgst tvilsame klimaprosjekt i fattige land. Røynslene med Clean Development Mechanism viste at det var hovudsakleg reine svindelkvotar som vart omsette, som i mange høve til og med ga auka utslepp! Norge sin delegasjon til COP-møtene må gjere framlegg om å forby all bruk av offsets i internasjonal klimapolitikk.</u>	

ingenting om prinsippet vi har vedtatt flere ganger, om at stigende fossilavgift må kompenseres til folket på en sosialt rettferdig måte, for å unngå at breie lag av folket vender seg mot nødvendig klimapolitikk. På denne måten er det mulig å få til høye nok avgifter til at de biter.

Også internasjonalt er det nødvendig med effektiv karbonrising for å få utslippene ned raskt nok. Mens svindeltiltak som offsets må stanses - de er ordninger som først og fremst har én hensikt og virkning: at kjøper av offsets kan fortsette med sine egne utslipp.

Kommentar:

Punkt 1 om rettferdig fordeling av avgifter er et viktig prinsipp som bør med i prinsipprogrammet. Og her finnes det uttalelser fra tidligere som underbygger forslaget.

De øvrige punktene er svært detaljerte og inneholder dels prinsipper og argumenter som ikke er like godt diskutert i organisasjonene. Teksten er også mer argumenterende enn det normalt er i prinsippørprogrammet.

Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør ikkje bli vedteke, til fordel for forslag P9 b

Stemmegiving i landsstyret: For: 19 Mot: 4

Vedtak på landsmøtet:

Endringsforslag P9 b

Linjenummer:
Nye punkt etter
linje 249

Forslagsställar:

Generalsekretær

Endringsforslag:

CO₂-avgifta må auke forutsigbart, jamt og trutt til ein ikkje lenger har utslepp frå fossil energi.

Auken i avgifta må delast ut att til folket på ein sosialt rettferdig måte, slik at dei som har lågt karbonavtrykk går i pluss, medan dei som brukar mykje berre får kompensert ein mindre del av forbruket sitt.

Begrunnelse:

Rettferdig fordeling av avgifter er et viktig prinsipp som bør med i prinsipprogrammet. Og her finnes det uttalelser fra tidligere som underbygger forslaget.

Kommentar:

Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør bli vedteke

Stemmegiving i landsstyret: For: 22 Mot: 1

Vedtak på landsmøtet:

Endringsforslag P12	
Linjenummer: 288–289	Forslagsstillar: Naturvernforbundet i Ávjavárri
Endringsforslag: Bruken av skadelege stoff i jordbruk, skogbruk, reindrift, fiske og oppdrett må haldast på eit minimum og på sikt fasast ut . <u>avviklast så snart som råd.</u>	
Grunngjeving: Dette er for veikt. Desse stoffa må ut så snart som råd.	
Kommentar: I mange tilfeller tidligere har vi sett at stoffer fases (for) hurtig ut og da erstattes med stoffer som kanskje er like eller mer skadelige, men som ikke er like upopulære fordi de ikke er undersøkt godt nok enda.	
Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør bli vedteke Stemmegiving i landsstyret: For: 15 Mot: 7	
Vedtak på landsmøtet:	

Endringsforslag P13 a	
Linjenummer: 324–328	Forslagsstillar: Amin Alexander Røine
Endringsforslag: Oppdrett må skje i lukka anlegg og ikkje forringe miljøet i dei hav- og fjordområda der verksemda går føre seg. Oppdrettsverksemda må drivast utan ureining og sjukdomsspreiing og på ressursar som ikkje skadar naturmangfold og ressurstilfang andre stader. Kor miljøvenleg lukka anlegg er, må vurderast ut ifrå teknologi og lokalitet.”	
Begrunnelse: Oppdrettsnæringen kan aldri bli bærekraftig eller miljøvennlig.	
Kommentar: Å være kategorisk imot oppdrett er ikke en politikkendring som har vært diskutert i landsstyret eller andre deler av organisasjonen. En slik endring i prinsippsprogrammet vil sette organisasjonen på sidelinja i diskusjoner om tiltak og miljøkrav til oppdrettsnæringen, og det er naturlig å ha en visjon for hvordan vi vil at næringen skal utvikle seg. Dagens prinsippsprogram er i tråd med diskusjoner og uttalelser i landsstyret og tidligere vedtatt politikk på landsmøtet.	
Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør ikkje bli vedteke, til fordel for forslag P13 d Stemmegiving i landsstyret: For: 21 Mot: 1	
Vedtak på landsmøtet:	

Endringsforslag P13 c	
Linjenummer: 327–328	Forslagsstillar: Naturvernforbundet i Ávjobárrí
Endringsforslag: <u>Kør miljøvenleg lukka anlegg er, må vurderast ut frå teknologi og lokalitet.</u> <u>Oppdrettsnæringa må ikkje tillatast å auke utover dagens nivå. Opne anlegg må etter kvart erstattast av lukka anlegg. Oppdrettsanlegg må plasserast slik at dei ikkje gir varige skadar på natur, friluftsområde og fiskefelt. Oppdrettsfisk må ikkje fôrast med fisk og planter som går ut over matforsyning i andre delar av verda eller regnskog og annan natur.</u>	
Grunngjeving: Setninga seier ingen ting. Det som må fram er krav til lukka anlegg. Det trengst også eit klart krav om at den samla kapasiteten til oppdrettsnæringa ikkje må auke, og at bygging av lukka anlegg må komme som erstatning for, ikkje som tillegg til, dagens opne anlegg.	
Kommentar: Den foreslåtte tilleggsteksten dekkers allerede i eksisterende prinsipprogram i linjene 324-327.	
Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør ikkje bli vedteke, til fordel for forslag P13 d Stemmegiving i landsstyret: For: 18 Mot: 4	
Vedtak på landsmøtet:	

Endringsforslag P13 d	
Linjenummer: Tillegg til linje 328	Forslagsstiller: Sentralstyret
Endringsforslag: <u>Landbasert oppdrett skal berre tillatast på tidligare industrialisert grunn etter prinsippet om arealnøytralitet.</u>	
Begrunnelse: Prinsipprogrammet sier i dag ikke noe om landbasert oppdrett.	
Kommentar: Dette har ikke vært diskutert i landsstyret, men er i tråd med argumentasjon overfor andre typer arealkrevende næringer.	
Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør bli vedteke Stemmegiving i landsstyret: For: 21 Mot 1	
Vedtak på landsmøtet:	

Endringsforslag P14	
Linjenummer: 338–342	Forslagsstillar: Naturvernforbundet i Rana Magne Vågsland
Endringsforslag:	
<p>4.2 Energi</p> <p>Menneska treng energi, og den må vere fornybar og klimavenleg, brukast effektivt og produserast og transporterast utan å skape ureining eller uoppretteleg skade på naturmangfoldet. Vi må nytte rett energiform til ulike bruksområde, og vi må effektivisere sjølve energibruken. Det inneber også at vi må gjøre ei omlegging av energibruken, slik at fossilt energibruk blir redusert og erstattat av fornybar energi</p> <p>4.2 Energipolitikk på premissane til naturen</p> <p>Energi må produserast og transporterast på måtar som gir minst mogleg skade på natur og klima. Ingen energiproduksjon er «fornybar», men medfører meir eller mindre skade på naturmangfoldet i heile produksjonstida og lenge etterpå. All energiproduksjon har også større eller mindre negative verknadar på klimaet, særleg i etableringsfasen, men også i uoverskodeleg framtid pga. redusert karbonlagring i det nedbygde landarealet. I lys av den truande natur- og klimakrisa er difor stagnering og reduksjon av det totale energiforbruket det einaste som er reelt berekraftig for framtidig liv på jorda. Frigjering av energi ved energisparing og energieffektivisering i bygg og anlegg vil saman med modernisering av vasskraftverk gjere at vi har nok elektrisitet til å fase ut fossilt energi i Norge.</p>	
Begrunnelse:	
<p>De såkalte «fornybare» energikildene som f.eks. vindkraft, vannkraft eller solkraft vil, særlig i anleggsfasen bygge ned naturmangfoldet der de blir etablert og i de landene der anleggene henter f.eks. metaller eller cement ifra. Sand i den kvalitet som trengs til cement er allerede en mangelressurs i verden og tapt for alltid i betong. Anleggsmaskinene forbruker store mengder fossilt drivstoff. Landarealet som blir nedbygd, slipper ut mer (myr) eller mindre (fjellgrunn) CO₂ samt taper det meste av sin karbonbindende evne i uoverskuelig framtid. Forøvrig har Norge allerede den elektriske energien for å fase ut det aller meste av innenlandsk fossilt energibruk i energisystemet vårt. Vi kan rydde ut fossilt energibruk i Norge uten å ødelegge mer natur. Pga. at elektrisk energiutnyttelse er så mye mer energieffektiv enn fossilt energi så har Statnett i 2019 beregnet at mesteparten av den fossile energibruken i Norge idag, rundt 100 TWh/år, kan erstattes av 30 – 50 TWh elektrisk kraft årlig. Denne kraftmengden kan vi i hovedsak gjenvinne ved å energieffektivisere bygningsmassen som i Norge stort sett er oppvarmet med strøm og ved å restaurere de gamle vannkraftverkene.</p>	
Kommentar:	
<p>Den foreslalte teksten inneholder flere krav som i hovedsak allerede er dekket av punktene under i dagens prinsippsprogram. Forslaget kan også leses som svakere på naturvern ved at «<u>må vere fornybar og klimavenleg, brukast effektivt og produserast og transporterast utan å skape ureining eller uoppretteleg skade på naturmangfoldet</u>» endres til «Energi må produseres og transporteres på måter <u>som gir minst mulig skade på natur og klima</u>». Å skrive «fornybar» i hermetegn skaper uklarhet og vil gi prinsippgrammet en merkelig ordbruk som folk ikke vil kjenne seg igjen i, og det</p>	

vil kreve en lang forklaring. At utbygging og bruk av fornybare energikilder kan ha stor innvirkning på natur, er allerede godt dekket i kapittelet. Potensialet i fornyelse av eksisterende vannkraftanlegg er mye diskutert, og også utvidelser av eksisterende vannkraftverk telles i mange tilfeller med. Siste setning stemmer ikke helt overens med de diskusjonene og uttalelsene som har vært i landsstyret.

Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør ikkje bli vedteke

Stemmegiving i landsstyret: For: 14 Mot: 8

Vedtak på landsmøtet:

Endringsforslag P15

Linjenummer: 339	Forslagsstillar: Naturvernforbundet i Ávjovári
---------------------	--

Endringsforslag:

Menneska treng energi, og den må vere fornybar og klimavenleg, brukast effektivt og produserast og transporterast utan å skape ureining eller uoppretteleg skade på naturmangfoldet

Energiforbruket må reduserast, og energi må produserast på måtar som gir minst mogleg skade på natur og klima.

Grunngjeving:

Det finst ikkje fornybar energi. Alle kjente former for energiproduksjon bygger på større eller mindre forbruk av både mineraler og olje. Det finnes derfor heller ikke klimavenleg energiproduksjon, bare former som har større eller mindre negativ verknad på klimaet.

Kommentar:

Innhaldet om at all energibruk har negativ påvirkning, blir dekka i eksisterande tekst, og at samla energibruk må ned, står i første punkt under „Naturvernforbundet meiner at”.

Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør ikkje bli vedteke

Stemmegiving i landsstyret: For: 17 Mot: 6

Vedtak på landsmøtet:

Endringsforslag P17 a	
Linjenummer: 362–368	Forslagsstillar: Naturvernforbundet i Rana Magne Vågslund
Endringsforslag:	
<p><u>Overføringsnett til andre land skal ha som mål å bidra til meir effektiv og fornybar energibruk, ikkje omfattande eksport av straum. Kraftutveksling med andre land bidreg til god utnytting av kraftressursane og reduserer behovet for reservekraft og tilhøyrande naturinngrep og klimagassutslepp.</u></p> <p><u>Overføringskablane fra Norge til Europa har no fått ein kapasitet fleire gonger det som trengs for forsyningssikkerheit. Dei fungerer som eksportkabler for straum kun styrt av pris i ein europeisk energimarknad som ei anna vare, ikkje av tilgangen på elektrisk kraft i Norge eller av politiske myndigheter. Norge har mista den politiske styringa over straumen. Prisaukingane og den eksportbetinga straummangelen vil føre til ein kraftig auke i presset for utbygging av meir energiproduksjon som øydelegg naturverdiar både på land og til havs. Skal Norge ta nødvendig ansvar for naturverdiar og hindre naturtap, må det bli politisk kontroll både med kraftproduksjon, krafteksport og kva krafta skal brukast til.</u></p> <p>Fordi transport av kraft inneber energitap og kan gi betydelege naturinngrep, bør det vere eit mål å utnytte energiressursane nær der dei oppstår, og til førtrenging av fossil energibruk i Noreg og i utlandet.</p>	
Begrunnelse:	
<p>Etter at den tredje sjøkabelen til Danmark ble tatt i bruk i 1993 (Skagerak 3), har Norge hatt full forsyningssikkerhet. Med de to siste sjøkablene til Tyskland og England som ble åpnet i fjor, økte overføringskapasiteten med rundt 50 % til vel 75 TWh/år, ca. halvparten av Norges kraftproduksjon i et normalår. Denne kapasiteten utnyttes selvfølgelig ikke nå, men ligger der som et potensiale for massiv nedbygging av norsk natur i ny kraftutbygging. I et europeisk energimarked som det politiske flertallet i Norge har valgt å bli en del av, fører den store overføringskapasiteten først og fremst til at strømmen (fra Sør-Norge pga. begrenset overføringskapasitet fra Midt- og Nord-Norge) til enhver tid kan gå til det markedet som har høyest pris, England, Tyskland, Danmark eller Nederland, utenfor politikernes kontroll. De høyere kraftprisene og den eksportbetingede, tilsynelatende kraftmangelen i Norge vil gi press for å bygge ned enda mer norsk natur med vindkraft og vannkraft og har allerede gjort det, jf. f.eks. en fersk artikkel på NRKs nettavis skrevet fem ledere i hel- og deleide statlige energibedrifter eller mandatet for den nyoppnevnte energikommisjonen.</p>	
Kommentar:	
<p>Innholdet om at utenlandskablene ikke skal benyttes til omfattende eksport av strøm, er dekket i dagens tekst. Dagens tekst utsykker krav om hva som er viktig for Naturvernforbundet om bruk og transport av strøm. Det er diskuterbart om ”Norge har mistet den politiske kontrollen over strømmen” og hva en økt politisk kontroll vil bli brukt til.</p> <p>I Naturvernforbundets energipolitikk så er det et viktig argument at frigjort fornybar energi skal benyttes til å erstatte fossil energi. Om setningen om dette forsvinner fra avsnittet, vil det være mindre sammenheng mellom natur og klima og legges mer vekt på industrien ønsker om kraft framfor utfasing av fossilt.</p>	

Det har ikke vært uttalelser eller diskusjoner i landsstyret siste året om utenlandskabler, og dagens ordlyd er et kompromiss som i praksis betyr at Naturvernforbundet tar stilling til overføringskabler til utlandet når det er aktuelt, men ikke er prinsipielt imot. Utveksling av kraft med andre land er energieffektivt og et viktig virkemiddel i energi- og klimapolitikken.

Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør ikkje bli vedteke

Stemmegiving i landsstyret: For: 16 Mot: 7

Vedtak på landsmøtet:

Endringsforslag P17 b

Linjenummer: Erstatte 362–368	Forslagsstillar: Halvard Birkeland Tone Salomonsen
-------------------------------------	--

Endringsforslag:

Overføringsnett til andre land skal ha som mål å bidra til meir effektiv og fornybar energibruk, ikkje omfattande eksport av straum. Kraftutveksling med andre land bidreg til god utnytting av kraftressursane og reduserer behovet for reservekraft og tilhøyrande naturinngrep og klimagassutslepp. Fordi transport av kraft inneber energitap og kan gje betydelege naturinngrep, bør det vere eit mål å utnytte energiressursane nær der dei oppstår, og til fortrenging av fossil energibruk i Noreg og i utlandet.

Naturvernforbundet prioriterer energieffektivisering og redusert forbruk. Eventuell ny kraftproduksjon må vere mest mogleg kortreist! Ved å utnytte energiressursane nær der dei oppstår vil vi i større grad spare naturen for utbygging av større anlegg for kraftproduksjon og for kraftlinjer, som også gir energisvinn. For å redusere utbyggingspresset på naturen vår må krafta vi allereie har, utnyttast på ein optimal måte, slik at mangel på kraft ikkje utløyser krav om nye kraftutbyggingar. Dette krev politisk styring i miljøets tjeneste.

Begrunnelse:

Viser til linje 133–135 i dagens prinsippsprogram: «Omsyn til miljø og rettferdig fordeling av ressursar må telje meir enn mål om økonomisk vekst og auka frihandel» Endringsforslaget fra undertegnede forholder seg til dette standpunktet.

Mer kortreist kraft kan blant annet sikres gjennom krav om solceller på alle nye tak og der det ellers er mulig.

Økt politisk kontroll med knappe energiressurser kan f.eks. innebære at man i kritiske faser kan opprettholde tilstrekkelig fyllingsgrad i magasinene framfor til enhver tid å selge strømmen der den er dyrest.

Kommentar:

Dagens tekst utevikler krav om hva som er viktig for Naturvernforbundet om transport av kraft. I Naturvernforbundets energipolitikk så er det et viktig argument at frigjort fornybar energi skal benyttes til å erstatte fossil energi. Det er viktig å omtale eksport og utveksling av strøm, som her er foreslått strøket. Innholdet i forslaget er delvis dekket i andre punkter.

Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør ikkje bli vedteke

Stemmegiving i landsstyret: For: 14 Mot: 9

Vedtak på landsmøtet:

Endringsforslag P18	
Linjenummer: 369–372	Forslagsstillar: Bård S. Larsen
Endringsforslag:	
<p>Atomkraft inneber ein så stor fare for miljø og menneske i samband med produksjon og avfallshandtering at det er ei uakseptabel energikjelde. Det må derfor ikkje byggjast nye atomkraftverk i Noreg. Det må sikrast ei forsvarleg mellomlagring av det norske atomavfallet medan det blir førebudd ei permanent lagring i Noreg. Noreg må ta ansvar internasjonalt for å sikre menneske og natur mot atomforureining</p> <p><u>Kjernekraft kan kome til å spele ei viktig rolle i puslespelet med å avkarbonisere verdas energisystem. I lys av at dette er ei av energikjeldene med absolutt minst fotavtrykk på naturen, bør den vurderast på lik linje med andre energikjelder når ein diskuterer løysingar - med sine respektive fordelar og ulemper, og grundig analyse av risikobildet.</u></p> <p><u>Norge må også fortsette det viktige arbeidet sitt innan internasjonal atomsikkerheit.</u></p>	
Begrunnelse:	
<p>Det er ikke hold i påstanden fra dagens prinsippsak. Kjernekraften framstår som både sikkere og betraktelig mer skånsom for naturen enn de aller fleste andre energikilder. Avfallet er også i høyeste grad håndterbart, i motsetning til avfall fra fossile kilder (rett til luft) og fra en del typer fornybart (store mengder). Risiko og konsekvens må kvantiseres og veies opp mot alle aspekter av forskjellige typer energiproduksjon.</p> <p>Når det gjelder Norges arbeid innen atomsikkerhet: Det er viktig å huske at vi her har en historie som strekker seg tilbake til 50-tallet, og har gjennom mange tiår levert viktig sikkerhetsteknologi til mange naboland. Bl.a. drives reaktorene på Kola langt sikrere enn tidligere grunnet dette. Når forskningsreaktorene våre nå er lagt ned, er det derfor ekstra viktig å ha fokus på å opprettholde denne kunnskapen for å kunne fortsette å bidre til sikrest mulig drift av dagens eksisterende kjernekraftverk verden over.</p>	
Kommentar:	
<p>Det næværende punktet omhandler to spørsmål: Atomkraft i Norge og opprydding etter norsk atomindustri. Når det gjelder spørsmålet om atomkraft i Norge og generelt som teknologi, står dette på programmet til energiutvalget, som ble opprettet etter forrige landsmøte, men utvalget har ennå ikke rukket å behandle spørsmålet. Det har heller ikke vært diskutert i landsstyret eller i øvrig organisasjon. Dersom Naturvernforbundet skal endre sitt syn på norsk atomkraft, bør det komme etter en skikkelig debatt i flere av organisasjonens fora, og energiutvalget er et naturlig sted å starte.</p> <p>Når det gjelder opprydding etter norsk atomindustri, som dekkes av dagens punkt, må vi kreve forsvarlig mellomlagring i påvente av permanent lagring, siden dagens oppbevaring ikke er tilfredsstillende. Når det gjelder Norges arbeid innen atomsikkerhet, så har mye av sikkerhetsteknologien som er levert fra Norge, også bidratt til høyere effektivitet i atomkraftverkene og forlenget levetid for gamle atomkraftverk, for eksempel på Kola. Norge må ta ansvar internasjonalt for å sikre mennesker og natur mot atomforurensning, men vi må være</p>	

bevisst på å ikke bidra til forlenget levetid for gamle atomkraftverk. Dagens siste-setning er derfor bedre enn forslagets siste setning.

Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør ikkje bli vedteke

Stemmegiving i landsstyret: For: 20 Mot: 2

Vedtak på landsmøtet:

Endringsforslag P19

Linjenummer: 387–392	Forslagsstillar: Naturvernforbundet i Grenland Naturvernforbundet i Telemark
-------------------------	--

Endringsforslag:

Betre planlegging av regionar, byar, tettstader og ulike samfunnsfunksjonar er avgjerande for å ikkje auke behovet for transport generelt og spesielt for å unngå å legge til rette for meir privatbilisme. Vidare må kollektive løysingar utformast slik at dei gjev folk reelle alternativ til bilkøyring og flytransport. Samstundes må miljøvennlege teknologiar prioriterast og leggast til rette for, slik at den transporten samfunnet treng, skjer med så låg miljøpåverknad som mogleg.
Jernbanar for høg fart må difor utgreiaast og byggast mellom dei største byane våre og mot utlandet for å erstatte motorveg og flyplassutbygging.

Begrunnelse:

Naturvernforbundet bør være en pådriver for en natur-, miljø- og klimavennlig samferdselspolitikk. En god arealbruks-, miljø- og klimapolitikk krever en overgang til kollektive transportløsninger med overføring av trafikk fra bil og fly til jernbane. Jernbanens fortrinn må utnyttes med utbygging av et moderne stambanenett for høyhastighet. Ambisjonen må være å komme på nivå med de mer framgangsrike jernbanelandene i Europa. Landsdeler skal ikke bindes sammen med 4-felts motorveier og en voksende bilpark. Det er en myte at el-teknologien gjør biltrafikken «utslippsfri». En vridning fra store motorvei-prosjekter til en opptrappet satsing på jernbane vil bidra til mer bærekraftige investeringer. Mye av miljø- og klimaeffektene blir borte dersom nye motorveier bygges før eller samtidig med ny bane.

Veinettet skal primært dimensjoneres som en utfyllende funksjon til jernbanen, der samordningen mellom trafikkmidlene bane, vei og sjø er avgjørende for et godt miljø- og klimaregnskap.

Veinettet må omfatte prioriterte sikkerhetstiltak som rassikring, midtdeler og hastighetsbegrensninger mm. Stam- og riksveinettet må dimensjoneres etter ønsket og forventet trafikk i et helhetlig og bærekraftig samfunnsperspektiv. Firefelts motorveier som ikke fyller et faktisk behov, må stoppes. Det gjelder også all utvidelse av flyplasskapasitet og tilhørende infrastruktur.

Kommentar:

Linjene 389–390 i eksisterande prinsippsprogram sier at «kollektive løysingar [må] utformast slik at dei gjev folk reelle alternativ til bilkøyring og flytransport». I dét ligger det at toget må gjøres attraktivt. Det kan bety at det må bygges høyhastighetsbaner, men løsingene for togsatsing og baneutbygging vil måtte variere fra strekning til strekning, avhengig av konkurranse situasjon og trafikkgrunnlag. Det er derfor ikke naturleg at et prinsippsprogram inneholder detaljene om dette. De etterfølgende kulepunktene i eksisterende program seier også mye om at toget må gjøres

attraktivt overfor fly- og godstransport, og at vi ikke kan fortsette med motorvei- og flyplassutbygging.

Landsstyrets innstilling: Forslaget bør ikkje bli vedteke

Stemmegiving i landsstyret: For: 17 Mot: 5

Vedtak på landsmøtet:

Endringsforslag P20

Linjenummer: 402	Forslagsstillar: Naturvernforbundet i Grenland Naturvernforbundet i Telemark
---------------------	--

Endringsforslag:

Kollektivtilbodet må vere godt, både for daglege reiser til arbeid og fritidsaktivitetar og for lengre reiser. Dette inneber både korte reisetider, tilstrekkeleg mange avgangar og stor kapasitet. For størst mogleg effekt ønskjer vi høgfartsbanar i fleirbrukskonsept for person- og godstrafikk. Jernbanen må vere utbygd for å ta unna langt større delar av transporten som i dag går med privatbil, fly og lastebil. Ekspressbuss er eit viktig supplement der det ikkje går tog. Sjøfrakt må vere eit miljøvenleg og attraktivt alternativ til lastebil.

Begrunnelse:

Se punktet over.

Kommentar:

Se punktet over.

Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør ikkje bli vedteke

Stemmegiving i landsstyret: For: 16 Mot: 6

Vedtak på landsmøtet:

Endringsforslag P21 a

Linjenummer: Nytt kapittel	Forslagsstillar: Naturvernforbundet i Ávjobárrí
-------------------------------	---

Endringsforslag:

4.6. Krig og opprustning

Krigar fører ved sida av store menneskelege lidingar også til store naturskadar. Fred er ein føresetnad for internasjonalt samarbeid for å løyse miljøproblema. Militært utstyr står for ein stor del av verdas forbruk av mineralressursar og fossile brennstoff. Naturvernforbundet støttar arbeidet for fred og nedrusting og ønskjer at Noreg skal spele ei aktiv rolle i dette.

Grunngjeving:

I motsetning til mange andre miljørørsler har Naturvernforbundet i svært liten grad tatt opp spørsmålet om krig og fred. Dette må vi endre på. Dette er eit forsøk på å slå fast eit par overordna prinsipp, utan å gå inn på stridsspørsmål som medlemskap i NATO. Det kan diskuterast om vi bør gå lenger, men eg foreslår i første omgang at vi slår fast desse overordna prinsippa.

Kommentar:
Krig har opplagt store negative konsekvensar for natur, miljø og samfunn, og temaet er svært aktuelt med den pågående invasjonen og krigen i Ukraina. Landsstyret har vedteke ei fråsegn med støtte til Ukraina, men har ikkje diskutert behov for oppdatering eller presisering av prinsipprogram. Fred er ein forutsetning for å kunne ta vare på kloden og miljøet. Kva nedrusting inneber, kan ein tolke ulikt, og det kan splitte Naturvernforbundet i ei sak som ikkje er innafor forbundets arbeidsfelt. Sjå alternativt forslag frå sentralstyret.

Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør ikkje bli vedteke, til fordel for forslag P21 b
Stemmegiving i landsstyret: For: 17 Mot: 5

Vedtak på landsmøtet:

Endringsforslag P21 b	
Linjenummer: Nytt kapittel	Forslagsstiller: Sentralstyret
Endringsforslag:	
<u>4.6. Krig og fred</u>	
<u>Krigar fører ved sida av store menneskelege lidingar også til store naturskadar. Fred er ein føresetnad for internasjonalt samarbeid for å løyse miljøproblema. Militært utstyr står for ein stor del av verdas forbruk av mineralressursar og fossile brennstoff. Naturvernforbundet støttar arbeidet for fred og ynskjer at Noreg skal spele ei aktiv rolle i dette.</u>	
Begrunnelse: Samme forslag som P21 a, men uten nedrustning. Hva arbeid for nedrustning innebærer, kan forstås på ulike måter og skape motsetninger innad i Naturvernforbundet i en sak som ikke er innenfor forbundets arbeidsfelt.	
Kommentar:	
Innstilling frå landsstyret: Forslaget bør bli vedteke Stemmegiving i landsstyret: For: 17 Mot: 2	



Naturvernforbundet

PRINSIPPROGRAM

Vedteke på digitalt landsmøte
25. april 2021

1 Prinsipprogrammet gjev ei oversikt over Naturvernforbundet sitt grunnsyn, korleis
2 organisasjonen arbeider, og kva som er våre langsiktige politiske krav.

Innhold

4	1 Kva vi vil oppnå	2
5	2 Korleis vi arbeider	3
6	3 Prinsipp	4
7	3.1 Vern om naturmangfaldet.....	5
8	3.2 Stopp dei farlege klimaendringane	7
9	3.3 Berekraftig ressursbruk	8
10	4 Miljøvern i praksis.....	8
11	4.1 Primærnæringane.....	8
12	4.2 Energi.....	10
13	4.3 Transport	11
14	4.4 Industri.....	12
15	4.5 Forbruk, avfall og handel.....	12
16		

1 Kva vi vil oppnå

Naturvernforbundet arbeider for eit samfunn som er godt å leve i for alle, og som kan bestå over tid. I eit slikt samfunn blir naturen forvalta på ein måte som sikrar vårt felles livsmiljø, og all menneskeleg aktivitet skjer i balanse med naturen og miljøet.

Livsformene i naturen er verdifulle i seg sjølv, samtidig som menneska er avhengige av dei. Å ta vare på rikdomen av livsformer og økosystem er naudsynt for å sikre livskrafta og produktiviteten i naturen. Vi menneske kan ikkje halde fram med å utrydde artar på jorda eller øydeleggje det livsmiljøet artane treng for å leve.

Mennesket er ein del av naturen. Vi lever av dei allsidige goda i naturen og har ansvaret for å sikre ei økologisk, sosial og økonomisk utvikling som tar omsyn til både nolevande og framtidige generasjonar sine behov. Det betyr at:

- Vi må ta vare på mangfaldet i naturen.
- Fornbare ressursar må takast ut på ein slik måte at ressursane kan fornye seg.
- Ressursar som finst i avgrensa mengder, må vi bruke med stor varsemd.
- Vi kan berre sleppe ut stoff som krinslaupet i naturen kan bryte ned innanfor naturen si bereevne.

Menneskeleg forbruk av energi og naturressursar kan ikkje vere høgare enn at det let seg kombinere med å halde oppe naturmangfaldet og naturen si produksjonsevne. Tekniske omleggingar er ikkje nok for å oppnå dette. For at alle menneske skal ha høve til å leve gode

39 liv innanfor rammene av jorda sitt ressursgrunnlag, må dei økonomisk rikaste redusere det
40 materielle forbruket sitt, og samfunnet kan ikkje vere avhengig av evig materiell vekst.

41
42 Å løyse globalt omfattande og alvorlege miljøproblem krev omstillingar som må drivast fram
43 med både lokal og nasjonal innsats. I ei globalisert verd krevst også globalt samarbeid og
44 internasjonale avtalar. Noreg har som eit rikt og velutvikla land både grunnlag og ansvar for
45 å vere eit føregangsland i miljøvernarbeidet. Noreg må følgje opp sine internasjonale pliktar
46 og ta ei rolle som førebilete for å bidra til framgang i det internasjonale miljøarbeidet.
47

48 **2 Korleis vi arbeider**

49 ***Demokratisk, landsdekkande og uavhengig***

50 Naturvernforbundet er ein demokratisk, partipolitisk nøytral medlemsorganisasjon. For å stå
51 imot og reversere den akselererande øydelegginga av miljøet treng vi at breie lag av folket
52 blir engasjert. Folkeleg engasjement gjennom lokalt naturvernarbeid er grunnlaget for
53 arbeidet for livskraftig natur og miljøgode og avgjerande for Naturvernforbundet sin styrke.
54 Medlemmane avgjer, gjennom sine tillitsvalde, kva forbundet skal meine og arbeide med.
55 Synspunkta blir utforma uavhengig av økonomiske interesser, staten og andre
56 organisasjoner. Naturvernforbundet skal jobbe for å få fleire aktive lokallag over heile
57 landet, samtidig som aktiviteten i eksisterande lokal- og fylkeslag sikrast og fornyast. Det
58 lokale nærværet og dei tillitsvalde gjev Naturvernforbundet legitimitet og demokratisk
59 gjennomslagskraft. Organisasjonen skal søkje å reflektere eit mangfold av folket og arbeide
60 for god representasjon i kjønn, geografi, sosial bakgrunn og minoritetsbakgrunn blant både
61 medlemmar, aktive og tillitsvalde. Miljøagentane og Natur og Ungdom skal vere barne- og
62 ungdomsorganisasjonane til Naturvernforbundet. Gjennom å oppretthalde og aktivt byggje
63 nye samarbeid og alliansar med andre organisasjoner og initiativ skal Naturvernforbundet
64 auke si gjennomslagskraft og oppslutnad og bidra til ein effektiv og rettferdig miljøpolitikk.
65

66 ***Kunnskapsbasert opinionsdanning***

67 Naturvernforbundet treng tillit og oppslutnad for å få gjennomslag. Argumenta skal vere
68 godt oppbygde, forståelege og fagleg solide. Frivillige organisasjoner har gjennom
69 folkeopplysning spelt ei viktig rolle for demokratiseringa av Noreg. Naturvernforbundet vil
70 føre dette arbeidet vidare gjennom opinionsdannande verksemد, slik at ein lettare kan
71 innrette seg miljøvenleg, påverke andre og få folkevalde organ til å ta omsyn til naturen.
72

73 ***Saksorientert arbeid med konkrete resultat***

74 Det er gjennom arbeid med mange konkrete saker over heile landet, og med stor breidde, at
75 Naturvernforbundet er med og bergar store naturverdiar og endrar haldningane hos folk
76 flest. Ved hjelp av politisk arbeid i enkeltsaker vil Naturvernforbundet også vise kva
77 utfordringar vi står overfor i det globale miljøarbeidet.
78

79

80 **Naturglede, naturkunnskap og naturbruk**

81 Ein viktig del av arbeidet til Naturvernforbundet er å arbeide for å styrke folk sin kontakt
82 med naturen. Vi ynskjer at alle skal få glede seg over naturen i nærområdet sitt, vere stolte
83 over denne og ynskje å ta vare på naturen både lokalt og globalt. Vi vil ta vare på det enkle
84 og nære friluftslivet og arbeider for å styrke kunnskapen om naturen på alle plan. Vi ynskjer
85 å styrke kunnskapen om korleis vi kan nytte naturen, og vil arbeide for å ta vare på og føre
86 vidare tradisjonell naturbruk så langt det kan gjerast på økologisk forsvarleg vis.

87

88 **Internasjonalt samarbeid**

89 Brei folkeleg deltaking er avgjerande for å løyse internasjonale miljøproblem, og sterke
90 nasjonale miljøorganisasjonar er viktige for å ta vare på miljøinteressene.

91

92 Naturvernforbundet skal samarbeide med miljørørsler i andre land. Samarbeidslanda har
93 ofte store miljøutfordringar og også store utfordringar når det gjeld deltaking frå sivilt
94 samfunn. Naturvernforbundet er den norske medlemmen av Friends of the Earth
95 International.

96

97 Medlemskap i Regnskogsfondet er òg ein viktig del av vårt internasjonale engasjement. Det
98 internasjonale arbeidet skal bidra til å styrke lokale miljøvernorganisasjonar i dei landa vi
99 engasjerer oss i. Samstundes bidreg dette arbeidet til å styrke Naturvernforbundet sitt
100 arbeid både i Noreg og i arbeidet med internasjonale miljøavtalar.

101

102 **3 Prinsipp**

103 At folk skal kunne bidra til å drive fram løysingar på miljøproblema, krev eit samfunn der folk
104 har høve til å påverke sin eigen situasjon, har tilgang til kunnskap om kva som påverkar
105 miljøet, og kan delta aktivt i politisk arbeid. Myndighetene har ansvar for å følgje opp,
106 kontrollere og innføre sanksjonar og tiltak overfor dei som bryt den norske natur- og
107 miljølovgjevinga. Både myndighetene, næringsliv og folket har eit ansvar for å setje seg inn i
108 og følgje felles reglar.

109

110 Naturvernforbundet meiner følgjande prinsipp må ligge til grunn for all
111 samfunnsplanlegging:

- 112 - **Kunnskap:** Alle private og offentlege aktørar må ha plikt til å setje seg inn i korleis
113 verksemda deira påverkar naturen. Alle handlingar må byggje på oppdatert
114 vitskapeleg og erfaringsbasert kunnskap, der miljøkonsekvensane av handlinga blir
115 vurdert i eit livslaupsperspektiv. Alle skal ha krav på informasjon om
116 miljøkonsekvensar når det gjeld både enkelprodukt og forbruksvarer, produksjon og
117 politiske planar og vedtak.
- 118 - **Føre-var-prinsippet:** Dersom det er usikkert om inngrep eller utslepp vil ha skadelege
119 verknader for organismar eller økosystem, skal tvilen kome naturen til gode ved at
120 tiltaket ikkje blir gjennomført.
- 121 - **Samla påkjening:** Den samla påkjeninga som naturmiljøet er eller kan bli utsett for,
122 skal vere utslagsgjenvande for vedtak i einskildsaker.

- 123 - Den som påverkar, skal betale: Den som påverkar miljøet på ein negativ måte, skal
124 dekke kostnadene ved tiltak som hindrar, avgrensar eller rettar opp skadane.
125 - Tenke globalt – handle lokalt: Det den einskilde gjer her i landet, må stå i høve til
126 globale natur- og miljøinteresser og såleis kunne bidra til utvikling som kan kome alle
127 verdas menneske og artar til gode – i dag og i framtida.

128
129 Grenseoverskridande miljøproblem krev internasjonalt samarbeid og avtalar som blir
130 oppfatta som rettferdige og rimelege av alle partar. Verdas fattigaste lir i dag under
131 miljøproblem som i stor grad er skapt av rike land og av overforbruket til privilegerte
132 grupper. Internasjonale avtalar må fremje rettferdig fordeling av verdas ressursar og styrke
133 tilgangen til demokratisk påverknad. For å oppnå dette må FN styrkast. Omsyn til miljø og
134 rettferdig fordeling av ressursar må telje meir enn mål om økonomisk vekst og auka
135 frihandel.

136
137 Naturvernforbundet støttar og respekterer urfolk sine rettar, slik dei er felt ned i
138 internasjonale avtalar som Noreg er tilslutta. Desse rettane må ligge til grunn for
139 miljøpolitikken i både Noreg og andre land. Naturvernforbundet meiner at Noreg skal ta
140 særskilt ansvar for å ta vare på naturgrunnlaget for samisk kultur.

141
142 Noreg må vere ein pådrivar og støtte opp om internasjonale miljømål og -avtalar, og
143 omsynet til natur og miljø må ligge til grunn i alt utviklingsarbeid. Samarbeid med og støtte
144 til det sivile samfunnet, inklusive miljørørsla, må vere ei viktig prioritering i Noreg sin
145 internasjonale innsats. Norske investeringar i utlandet må bidra til å sikre ei miljøvenleg
146 utvikling. Miljømessige og sosiale krav som gjeld for norske fleirnasjonale verksemder, må òg
147 gjelde for aktiviteten deira i utlandet når det norske regelverket er strengare.

148
149

3.1 Vern om naturmangfaldet

150 Naturen er grunnlaget for alt liv på jorda. Ikkje berre er menneske og dyr avhengige av
151 naturen og tenestene den yter. Naturen har også verdi i seg sjølv. Vi må derfor sikre den
152 uerstattelege rikdomen av plantar, dyr og andre organismar – på land og til havs – for notid
153 og framtid.

154
155 Ifølgje FNs naturpanel er ein av åtte millionar dyre- og planteartar truga av utrydding, og
156 endring i arealbruk er den viktigaste årsaka til det globale tapet av naturmangfold på land
157 fram til i dag, medan overutnytting av ressursar er viktigast for tapet i havet. I tillegg kjem
158 ein stadig større påverknad frå menneskeskapte klimaendringar samt påverknad frå
159 forureining og invaderande artar. Den samla verknaden er eit særskilt alvorleg trugsmål mot
160 naturmangfaldet på jorda.

161
162 Tapet av naturmangfold må stansast. Sunn økologisk tilstand må vere forvaltingsprinsippet
163 for all natur, også den delen av naturen som gjennom historia har blitt påverka av
164 menneskeleg aktivitet. Dette inneber å ta vare på artane, med deira genetiske variasjon og
165 dei leveområda som organismane treng for å trivast og fylle sine økologiske funksjonar.
166 Dette krev både vern av utvalde areal samt ei langsiktig forvalting av naturverdiar som ikkje

167 er verna ved lov. Det er uakseptabelt å oppheve eller endre vern av naturområde, slik at
168 naturomsyn må vike for andre, meir kortsiktige samfunnsinteresser. Ein må også hindre
169 innføring og spreiling av ikkje stadeigne artar og genmodifiserte organismar som kan vere eit
170 trugsmål mot lokale plante- og dyreartar. Det må ikkje gjevast subsidiar som bidreg til
171 øydelegging av verdiful natur. Omsynet til naturmangfaldet må sikrast og takast vare på i all
172 arealplanlegging, og krava til konsekvensutgreiingar må stille minstekrav som sikrar dette.
173

174 Naturen må vere grundig kartlagt, og kunnskapen må oppdaterast kontinuerleg for å
175 mogleggjere ei kunnskapsbasert forvalting. Denne kunnskapen må omfatte naturen sine
176 system og samspelet mellom desse samt samspelet mellom naturen sine system og
177 menneska. Der kunnskap ikkje er tilstrekkeleg, må føre-var-prinsippet ligge til grunn. Inngrep
178 kan aldri forsvarast med mangel på kunnskap.
179

180 **Naturvernforbundet meiner at:**

- 181 • Det må etablerast økologisk representative nettverk av område som har vernestatus
182 eller anna utvald status, for å sikre den økologiske samanhengen over større område.
183 Dette inneber mellom anna vesentleg vern av skog, våtmarker og marine område
184 samt vidare utvikling av arbeidet med utvalde naturtypar. Områda må forvaltast
185 aktivt, slik at naturmangfaldet blir teke vare på og sikra mot inngrep som kan gjere
186 skade på naturen i området.
- 187 • Menneskelege inngrep og utbygging har ført til sterk reduksjon i inngrepsfrie område
188 i Noreg. Denne utviklinga må stoppast. Dei områda som er att, må bevarast og
189 kartleggast for verneverdige naturverdiar.
- 190 • Det trengs omfattande tiltak for å sikre den unike vassdragsnaturen mot fleire
191 inngrep. Verneplanen må utvidast og verna vassdrag må få sterkare vern. God
192 økologisk tilstand må vere eit mål for alle vassdrag.
- 193 • Naturøydeleggjande vindindustri må stansast. Utbygging må avgrensast til mindre
194 anlegg, i industrialiserte område. Der slike anlegg er bygd, må det bli stilt krav til
195 sikring mot forureining og til garantiar for at område blir rydda etter at
196 konsesjonstida går ut.
- 197 • Motorisert ferdsle i utmark og vassdrag må haldast på eit minimum, og unyttig
198 køyring må ikkje tillatast. Langs kysten må ein sikre omsynet til sårbar natur og
199 moglegheita for gode naturopplevelingar for folk flest.
- 200 • Lokale naturperler og naturområde i folk sine nærmiljø må takast vare på. Omsyn til
201 desse områda si betydning for livskvalitet og helse, både i dag og i framtida, må
202 vektleggast tungt. Bymarker bør vere verna med lov og ha faste byggegrenser.
- 203 • Rovdyra høyrer heime i norsk natur, og å verne om desse og areal som sikrar deira
204 overleving også på sikt, er ein del av det å ta vare på naturmangfaldet og
205 økosistema. Myndighetene må sikre førebyggjande innsats for å redusere tap av
206 beitedyr og for å redusere påkjenninga for råka næringar og lokalsamfunn.
- 207 • Som ein stor hav-, fjord- og kystnasjon må Noreg vise omsyn til naturmangfaldet i
208 reguleringa av landets marine næringar. Naturmangfaldlova må gjelde alle norske
209 havområde.

- 210 • Norske kommunar må innføre naturbudsjett som legg til grunn nasjonale grenser for
211 naturtap og mål for restaurering, for å oppnå netto null tap av natur.

212

213 3.2 Stopp dei farlege klimaendringane

214 Forbruk av fossilt brensel, avskoging og anna menneskeleg påverknad har ført til endringar i
215 klimaet på jorda. Klimaendringane har alvorlege konsekvensar både for oss menneske og for
216 resten av naturen. Livsgrunnlaget for mange menneske, og særleg for verdas fattigaste, blir
217 øydelagt, og store delar av naturmangfaldet står i fare for å forsvinne.

218

219 For at vi skal unngå dei mest alvorlege konsekvensane av klimaendringane, kan ikkje den
220 globale temperaturen stige meir enn 1,5 gradar over førindustrielt nivå. Det betyr i praksis at
221 alle klimagassutslepp frå fossil energi og avskoging må stansast så raskt som mogleg.

222

223 Alle land må omstillast til samfunn som praktisk talt er utan bruk av fossil energi, og som
224 byggjer opp att karbonlagrera i naturen. Ettersom det er dei rike landa som har det historiske
225 ansvaret for klimakrisa, må dei derfor finansiere hovuddelen av omstillinga også i fattige
226 land. Ei rettferdig omstilling inneber at ein må ta omsyn til og sikre rettane også til dei
227 menneska og folkegruppene som er særleg sårbare eller utsette ved større
228 samfunnsendringar.

229

230 Omstillinga til det klimavennlege samfunnet må skje på naturen sine premiss. Dette inneber
231 at vi bruker naturen sine eigne mekanismar til å lagre karbon, redusere klimagassutslepp og
232 tilpasse oss klimaendringar. Intakt og robust natur verkar i seg sjølv som buffer og vern mot
233 klimaendringar og er dermed avgjerande for samfunnet sitt møte med eit endra klima.

234

235 Naturvernforbundet meiner at:

- 236 • Noreg må fase ut eigne utslepp av klimagassar i tråd med sitt historiske ansvar. Som
237 oppfølging av Paris-avtalen må Noreg kvart femte år melde inn stadig strammare mål
238 for å redusere eigne klimagassutslepp, i tillegg til å finansiere klimatiltak i fattige land.
- 239 • Målet om å skape eit klimavennleg samfunn må leggje rammene for all sektorpolitikk,
240 slik at alle samfunnssektorane blir omfatta av verkemiddel som sikrar varige
241 reduksjonar i klimagassutsleppa. Når utstyr og arbeidskraft blir importert frå andre
242 land, må det bli teke omsyn til ressursbruk og utslepp av klimagassar.
- 243 • Arbeidet for å tilpasse samfunnet til uunngåelige klimaendringar må styrkast.
244 Naturen må forvaltast slik at økosystema blir mest mogleg robuste og i størst mogleg
245 grad evnar å tilpasse seg eit klima i endring.
- 246 • Rike land som Noreg må ta eit særleg ansvar for å bidra til reduksjon av utslepp og
247 sikre klimatilpassing i fattige land. Internasjonal kvotehandel og andre internasjonale
248 tiltak må sikre reelle utsleppskutt og samstundes ivareta menneske og natur, og må
249 kome i tillegg til nasjonale utsleppsreduksjonar.

250

251 3.3 Berekraftig ressursbruk

252 Vi må ta vare på den biologiske produksjonsevna, som er grunnlaget for livet på jorda, og
253 sikre denne også for framtidige generasjoner. Dette inneber at vi må vere varsame når
254 ressursar blir henta ut av naturen, og at desse ressursane må gå inn i eit krinslaup og brukast
255 om att, slik at vi held uttaket frå naturen og avfallsstoffa vi etterlet oss, så lågt som råd.

256

257 Utslepp til luft, jord eller vatn som ikkje naturen klarer å bryte ned – eller som kan verke
258 skadeleg for menneske, dyr eller planter – må hindrast. Plastsøppel i naturen er eit stort
259 problem. Miljøgifter og plast må erstattast av stoff som ikkje gjer skade på naturen. Der slike
260 stoff allereie er sleppt ut i naturen, må det ryddast opp av omsyn til naturmangfaldet,
261 menneske si helse og naturen si evne til å gje rein luft, mat og vatn.

262

263 Bruk av land og hav til produksjon av mat, fiber, energi og andre varer må innrettast slik at
264 folk får dekka dei grunnleggande behova sine utan å øydelegge grunnlaget for å forsyne
265 framtidige generasjoner. Når vi forbruker varer produsert utanfor landet, må vi vurdere
266 heile produksjonskjeda, slik at den samla miljøpåverknaden blir teken med i rekneskapen.

267

268 **Naturvernforbundet meiner at:**

- Bruk av miljøgifter må vere strengt regulert når det gjeld både innanlandsk bruk og import av varer som inneheld eller er produsert ved hjelp av giftige stoff.
Skadeverknader av tidlegare utslepp av miljøgifter må kartleggast og minimerast.
- Prisen på bruk av ressursar må reflektere dei reelle kostnadane ressursuttalet har for miljø og menneske. Dette kan bli oppnådd gjennom avgifter som sikrar at miljøpåverkar betaler, eller gjennom reguleringar som legg avgrensingar på ressursbruken.
- Bruken av plast må reduserast. Miljøvenlege alternativ må takast i bruk, og det må ryddast opp i plastforureininga til havs og til lands.

279

4 Miljøvern i praksis

280

4.1 Primærnæringane

281 Matproduksjonen, både på land og til havs, må skje på ein måte som gjer at vi klarar å dekke
282 menneska sine næringsmessige og kulturelle behov, bevarer naturmangfaldet og ikkje
283 svekker verda sine framtidige moglegheiter for å produsere mat. Det krev at menneska
284 baserer kosthaldet sitt på matvarer med lågt energi- og ressursforbruk, og at haustringa av
285 ressursar skjer på ein skånsam måte for naturen. Omsynet til at menneske verda over skal
286 ha nok mat, må ligge til grunn for kor og korleis vi produserer mat, og korleis ressursane blir
287 fordelt. At det skal vere nok mat også for framtidige generasjoner, må ligge til grunn for i kva
288 omfang og korleis vi hentar ut matressursar, enten det er på land eller frå havet. Bruken av
289 skadelege stoff i jordbruk, skogbruk, reindrift, fiske og oppdrett må haldast på eit minimum
290 og på sikt fasast ut.

291

292 Det er viktig å oppretthalde og styrke matproduksjonen i heile landet. Dette må til for å sikre
293 mat til eiga befolkning og minske transportbehovet og for å ivareta busettnad, utmark og
294 kulturlandskap med det tilhøyrande naturmangfaldet.

295
296 Når vi hentar materiale frå norske skogar, må omsynet til naturmangfaldet og anna framtidig
297 nytte av skogressursane ligge til grunn for mengda ressursar som blir henta ut, og måten det
298 blir gjort på.

299
300 **Naturvernforbundet meiner at:**

- 301 • Patent på levande organismar eller naturleg førekommende biologisk materiale må
302 ikkje tillatast.
- 303 • Genmaterialet i levende organismar er ikkje eigedom til nokon og må ikkje endrast
304 på. Primærnæringane må ikkje nytte veksthormon eller genmodifiserte dyr eller
305 plantar.
- 306 • Risikoene for alvorlege smittesjukdomar må reduserast både ved tiltak heime og
307 gjennom importrestriksjonar.
- 308 • Fiskeoppdrett og kjøtproduksjon må i minst mogleg grad baserast på fôr som kan gå
309 til menneskemat, eller som har negative fylgjer for miljøet eller for global fordeling av
310 naturressursar.
- 311 • Norsk landbruk må basere seg på lokale og miljøvenlege ressursar, og bruken av
312 energi, plantevernmidlar og kunstgjødsel og importert kraftfôr må vere så låg som
313 mogleg.
- 314 • Dyrka jord og anna verdifullt jordbruksareal må haldast i hevd og bevarast for
315 matproduksjon.
- 316 • Torvmyrer er viktige for naturmangfaldet og inneheld mykje karbon. Nydyrkning av
317 myr må ikkje vere lov, og torv må ikkje brukast i jordprodukt.
- 318 • Fiskeressursane er viktige for matforsyninga i verda og må forvaltast slik at dei varer
319 evig. Fiskeria må ta vare på primærproduksjonen i havet og alle ledd i
320 næringskjedene.
- 321 • Havet, kystområda og fiskeressursane må vere underlagt nasjonal og internasjonal
322 kontroll, og det må sikrast at fisken er eigm og forvalta av fellesskapet. Særleg må
323 fiskeressursane kome kystsamfunna til gode, og urfolksrettar må ivaretakast.
- 324 • Oppdrett må skje i lukka anlegg og ikkje forringe miljøet i dei hav- og fjordområda der
325 verksemda går føre seg. Oppdrettsverksemda må drivast utan ureining og
326 sjukdomsspreiing og på ressursar som ikkje skadar naturmangfald og ressurstilfang
327 andre stader. Kor miljøvenleg lukka anlegg er, må vurderast ut ifrå teknologi og
328 lokalitet.
- 329 • Skognæringa må operere innanfor rammer som sikrar naturmangfald, friluftsliv og
330 karbonbinding. Skogbruket må i større grad drivast basert på utvalshogst. Hogst må
331 berre skje etter søknad og etter kartlegging av natur- og friluftsverdiar. Gjødsling av
332 skog og omarbeidning av mark bør ikkje tillatast.

- 333 • Skogsressursar er eit knappleiksgode og må brukast der dei gjev størst reduksjon av
334 klimagassar. Tømmer og tre skal prioriterast som bygningsmateriale, og
335 avfallsressursar kan gå til andre føremål som gjev høg utnytting av ressursane, som
336 lokal varmeproduksjon og ulike industriføremål.

337

338 4.2 Energi

339 Menneska treng energi, og den må vere fornybar og klimavenleg, brukast effektivt og
340 produserast og transporterast utan å skape ureining eller oppretteleg skade på
341 naturmangfaldet. Vi må nytte rett energiform til ulike bruksområde, og vi må effektivisere
342 sjølve energibruken. Det inneber også at vi må gjere ei omlegging av energibruken, slik at
343 fossil energibruk blir redusert og erstatta av fornybar energi.

344

345 Naturvernforbundet meiner at:

- 346 • Det samla energiforbruket må reduserast og bli mest mogleg effektivt.
347 Energieffektivisering og -sparing må premierast gjennom eigna verkemiddel. Det må
348 stillast strenge krav til energibruk i bygningar. Desse krava må strammast inn med
349 jinne mellomrom, slik at bygg og anlegg i størst mogleg grad er sjølvforsynt med
350 energi, med lågt energiforbruk og ressursfotavtrykk i eit livsløpsperspektiv.
- 351 • Norsk olje- og gassverksemd må trappast ned og gradvis fasast ut innan 2040, ved at
352 det ikkje opnast for leiting og utvinning av olje og gass i nye område og med ein
353 nedtrappingsplan som sikrar ei rettferdig omstilling for olgearbeidarane.
- 354 • Fossil energibruk i Noreg må fasast ut for å nå 1,5-gradersmålet.
355 Energieffektivisering, nedgang i transportbehovet og ei utfasing av
356 petroleumverksemda er dei viktigaste tiltaka. Ny fornybar energi må verke til å
357 redusere forbruket av fossil energi, ikkje auke den samla energibruken. Ved all
358 utbygging av fornybar energi må klimagassutsleppa og ressursbruken vurderast i eit
359 livsløpsperspektiv for produksjonen, og det må takast særskilt omsyn til
360 naturmangfald, folkehelse, landskap og tradisjonelle naturbaserte næringar og
361 samisk kultur og næringsutøving.
- 362 • Overføringsnett til andre land skal ha som mål å bidra til meir effektiv og fornybar
363 energibruk, ikkje omfattande eksport av straum. Kraftutveksling med andre land
364 bidreg til god utnytting av kraftressursane og reduserer behovet for reservekraft og
365 tilhøyrande naturinngrep og klimagassutslepp. Fordi transport av kraft inneber
366 energitap og kan gje betydelege naturinngrep, bør det vere eit mål å utnytte
367 energiressursane nær der dei oppstår, og til fortrenging av fossil energibruk i Noreg
368 og i utlandet.
- 369 • Atomkraft inneber ein så stor fare for miljø og menneske i samband med produksjon
370 og avfallshandtering at det er ei uakseptabel energikjelde. Det må derfor ikkje
371 byggjast nye atomkraftverk i Noreg. Det må sikrast ei forsvarleg mellomlagring av det
372 norske atomavfallet medan det blir førebudd ei permanent lagring i Noreg. Noreg må
373 ta ansvar internasjonalt for å sikre menneske og natur mot atomforureining.

- 374 • Ujamn tilgang til, og lite effektiv bruk av, energi er med på å oppretthalde den skeive
375 måten velstand er fordelt på globalt. Internasjonal bistand må i større grad rettast
376 inn mot å nå dei fattigaste, med desentraliserte tiltak for energieffektivisering og
377 bruk av fornybar energi.

378

379 **4.3 Transport**

380 All transport påverkar miljøet ved at det krev forbruk av energi, legg beslag på areal og fører
381 til uynskte konsekvensar i form av forureining, støy og ulykkesrisiko. Store
382 infrastrukturprosjekt, og særleg vegutbyggingsar, legg til rette for auka trafikk og gjev store
383 negative konsekvensar for natur, friluftsområde og matjord. Dette gjer at vi må ta i bruk
384 fleire verkemiddel, slik at transportbehovet blir redusert og den naudsynte transporten blir
385 gjort med låg miljøpåverknad.

386

387 Betre planlegging av regionar, byar, tettstader og ulike samfunnsfunksjonar er avgjerande
388 for å ikkje auke behovet for transport generelt og spesielt for å unngå å leggje til rette for
389 meir privatbilisme. Vidare må kollektive løysingar utformast slik at dei gjev folk reelle
390 alternativ til bilkøyring og flytransport. Samstundes må miljøvennlege teknologiar
391 prioriterast og leggast til rette for, slik at den transporten samfunnet treng, skjer med så låg
392 miljøpåverknad som mogleg.

393

394 **Naturvernforbundet meiner at:**

- 395 • Byar og tettstadar må fortettast og byggjast ut med mål om minst mogleg
396 transportbehov, på ein måte som tar vare på grøne lunger, samstundes som det blir
397 lagt til rette for syklande og gåande. Også i den overordna samfunnsplanlegginga,
398 anten det gjeld transport av varer eller plassering av viktige samfunnsfunksjonar, må
399 målet vere å redusere transportbehovet.
- 400 • Kollektivtilbodet må vere godt, både for daglege reiser til arbeid og fritidsaktivitetar
401 og for lengre reiser. Dette inneber både korte reisetider, tilstrekkeleg mange
402 avgangar og stor kapasitet. Jernbanen må vere utbygd for å ta unna langt større delar
403 av transporten som i dag går med privatbil, fly og lastebil. Ekspressbuss er eit viktig
404 supplement der det ikkje går tog. Sjøfrakt må vere eit miljøvenleg og attraktivt
405 alternativ til lastebil.
- 406 • Vegkapasiteten må ikkje utvidast, og vegutbyggingsar som gjev meir trafikk og store
407 arealinngrep, må ikkje realiserast. Trafikktryggingstiltak må gjennomførast utan at
408 dette aukar den samla kapasiteten på vegen eller styrkar vegtransporten si
409 konkurranseskraft. Miljøutfordringane frå flytrafikken tilseier òg at flyplasskapasiteten
410 ikkje kan aukast, og trafikken må reduserast kraftig.
- 411 • Noreg bør, nasjonalt og internasjonalt, støtte utvikling av ein mest mogleg
412 miljøvenleg transportsektor, med auka energieffektivitet, redusert ressursforbruk og
413 redusert miljøpåverknad. Dette inneber både at forsking på betre teknologiar for
414 private og kollektive løysingar må støttast, og at ein må motivere til at desse
415 løysingane blir tatt i bruk. Hovudstrategien for ny teknologi må vere løysingar som
416 reduserer energibehovet og elektrifiserer mest mogleg av transportsektoren.

417 Resterande energibehov må dekkast av fornybart drivstoff med lågt klima- og
418 ressursfotavtrykk.

419 • For å avgrense transportmengda og utnytte transportmidla betre må transport
420 flyttast til dei minst miljøskadelege transportformene, og ny og betre teknologi må
421 takast i bruk. Det betyr mellom anna at miljøavgiftene må vere høge på transport,
422 både innan og over landegrensene.

423

424 **4.4 Industri**

425 Utviklinga av industrien er viktig for å oppnå eit samfunn i balanse med naturen når det gjeld
426 klimagassar, ressursbruk, forureining og naturinngrep. Dette krev at industrien er
427 energieffektiv, har god ressursutnytting og i størst mogleg grad er grunnlagt på fornybare og
428 lokale eller gjenvunne ressursar, og har minimale utslepp av alle typar forureining og
429 minimale naturinngrep i alle ledd av produksjonen. Myndighetene må bidra til dette
430 gjennom reguleringar, forskingsinnsats og økonomiske tiltak, men industrien sjølv har òg eit
431 ansvar for å sikre ei miljøvenleg vidareutvikling av eiga verksemد.

432

433 **Naturvernforbundet meiner at:**

- 434 • Forureinaren-skal-betale-prinsippet må utvidast slik at verksemder får ansvar for og
435 forpliktingar knytte til skadar årsaka av verksemda og produkta deira.
- 436 • Ny etablering av industri og bergverk må berre skje der det kan sikrast at dette ikkje
437 fører til forureining eller andre verknader som skadar naturmangfaldet og tradisjonell
438 bruk av området.
- 439 • Det må utviklast alternativ materialproduksjon til erstatning for miljøskadelege
440 material og deira råstoff.
- 441 • Alle typar industri- og byggeverksemđ, inkludert gruver, skal ha null avfall som mål.
442 Restmassar og avfall skal prioriterast til produksjons-, bygge- eller anleggsføremål
443 framfor bruk av nye råvarer og må ikkje deponerast i sårbarer naturområde.
- 444 • Der det er teknisk mogleg, skal gruvedrift gjerast under jorda framfor i dagbrot. Det
445 må òg vere forbod mot å sleppe industriavfall i sjø eller fjordar, og gruvedrift på
446 havbotnen må ikkje tillatast.
- 447 • Fangst og lagring av CO₂ frå punktutslepp må takast i bruk for å redusere
448 klimaforureining frå industrien.
- 449 • Kysten må ha eit sterkt og førebyggjande oljevern, med rask responstid og beredskap
450 også for alvorlege ulykker under vanskelege forhold.

451

452 **4.5 Forbruk, avfall og handel**

453 Mange av varene vi forbruker, er ressurskrevjande og miljøskadelege. For å redusere
454 miljøpåverknaden av forbruket vårt må vi forbruke mindre, samstundes som varene vi
455 bruker, må vere miljøvennlege og lette å vinne att. For å redusere miljøpåverknaden frå
456 transport er det eit mål å produsere varer nært forbrukarane når ressursgrunnlaget tilseier
457 det.

458

459 Å ta hand om avfall vil alltid gje forureining eller anna miljøpåverknad. Derfor må
460 avfallsmengda gjerast minst mogleg, og vi må sjå avfall som ein ressurs – ikkje som søppel.
461 Det må leggast til rette for ombruk, i tillegg til resirkulering og attvinning av produkt og
462 materiale. Der dette ikkje er mogleg, bør forbrenning av avfall skje med energiattvinning.

463

464 **Naturvernforbundet meiner at:**

- 465 • For å redusere forbruk og avfallsmengde må produkt vere produsert for å vare lengst
466 mogleg, vere lette å reparere og brukast om att og enkle å resirkulere. Alt avfall skal i
467 utgangspunktet bli resirkulert eller gjenvunne.
- 468 • Alt farleg avfall må samlast inn og handsamast på ein miljømessig forsvarleg måte.
- 469 • Nye kjemikaliar må ikkje tillatast før det er dokumentert at dei ikkje kjem til å
470 oppkonsentrerast i næringskjeda, eller at dei ikkje gjer alvorleg skade på levande
471 organismar.
- 472 • Det må stillast strenge miljøkrav ved innkjøp og avfallshandsaming så vel til private
473 hushald som til offentleg og privat verksemd.
- 474 • Det offentlege må vere ein spydspiss når det gjeld innkjøp og forbruk av
475 miljøvennlege produkt og tenester.
- 476 • Internasjonale miljøavtalar må bli overordna i høve til handelsavtalar.